

## Bacheloroppgåve

**NTNU**  
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Sunniva Skurtveit

# Dei utilgjengelege menneska

Ei kvalitativ undersøking om unge vaksne som tek avstand frå digitale nyvinningar og nyttar analog mobiltelefon

Bacheloroppgåve i Sosiologi

Veileder: Hilde Bjørkhaug

Mai 2020



## **Forord**

Eg vil med dette takk vegleiar Hilde Bjørkhaug for god hjelp og tilbakemelding under heile prosessen med oppgåva. Frå fyrste møte til siste vegleiing har eg fått gode råd og tilbakemeldingar på arbeidet med oppgåva.

Så vil eg gje ein stor takk til alle informantane som ynskja å delta og löt seg bli intervjua om deira bruk av analog mobiltelefon. Utan informantane ville ikkje det vore mogeleg å gjennomføre denne oppgåva.

I tillegg vil eg takke vene og familie som har vore interessert i både tematikken i oppgåva og framgangen i skrivinga mi. Dette har gjort meg motivert og engasjert for prosjektet.

# Innhald

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>1.1 Omgrepssavklaring: analog mobiltelefon.....</b>	<b>4</b>
<b>2. Teori om det moderne samfunnet .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1 Det moderne samfunnet.....</b>	<b>5</b>
<b>2.2 Kommunikativ handling.....</b>	<b>6</b>
<b>2.3 Livsverda.....</b>	<b>6</b>
<b>2.4 System .....</b>	<b>6</b>
<b>2.5 Det moderne samfunnet sitt største problem .....</b>	<b>7</b>
<b>2.6 Redninga i det moderne samfunnet .....</b>	<b>7</b>
<b>3. Metode og val av framgangsmåte .....</b>	<b>8</b>
<b>3.1 Rekruttering av informantar .....</b>	<b>8</b>
<b>3.2 Gjennomføring .....</b>	<b>9</b>
<b>3.3 Koding og kategorisering.....</b>	<b>10</b>
<b>3.4 Styrker og svakheiter ved oppgåva .....</b>	<b>11</b>
<b>3.4.1 Gyldigheit .....</b>	<b>11</b>
<b>3.4.2 Pålitsgrad.....</b>	<b>12</b>
<b>3.4.3 Generalisering .....</b>	<b>12</b>
<b>3.4.4 Uventa funn og variasjon .....</b>	<b>13</b>
<b>4. Analyse.....</b>	<b>14</b>
<b>4.1 Unge vaksne med analog mobiltelefon .....</b>	<b>14</b>
<b>4.2 Utilgjengelege menneske.....</b>	<b>14</b>
<b>4.3 Tid til livet .....</b>	<b>15</b>
<b>4.4 Ei verd gjennom applikasjonar.....</b>	<b>16</b>
<b>4.5 Analoge menneske i ei digital verd.....</b>	<b>17</b>
<b>5. Diskusjon.....</b>	<b>18</b>
<b>6. Konklusjon .....</b>	<b>23</b>
<b>6.1 Vidare forsking.....</b>	<b>24</b>
<b>Litteratur.....</b>	<b>25</b>
<b>Vedlegg 1: Intervjuguide.....</b>	<b>27</b>
<b>Vedlegg 2: Samtykkeskjema .....</b>	<b>28</b>

## **1. Innleiing**

*«Det er berre fint å ikkje vere tilgjengeleg heile tida, og er det noko viktig så kan jo nokon ringe meg eller sende ein SMS»* sa ein av informantane då hen skulle beskrive kvifor vedkommande brukar analog mobiltelefon. Informanten poengterte at hen ikkje hadde behov for smarttelefon og den tilgjengelegeita som følgjer med den. Eit gjennomgåande poeng i intervjuet med dei unge vaksne som brukar analog mobiltelefon var at dei synes det er fint å vere utilgjengeleg, og at det vert sett på som forstyrrande å vere tilgjengeleg til ei kvar tid.

I denne oppgåva vil eg undersøke kvifor enkelte unge vaksne vel å bruke analog mobiltelefon framfor smarttelefon, og såleis tar avstand frå visse teknologiske nyvinningar. Som ung voksen går mykje av informasjon om studiar, arbeid og sosialisering over internett. Dei aller fleste i dagens moderne samfunn brukar, tilsynelatande, smarttelefon og i starten av 2017 utgjorde dette 80% av dei internettbrukande innbyggjarane i Noreg (Medienorge, 2017). Smarttelefon gjer det mogeleg å vere tilgjengeleg til alle døgerets timer og på fleire forskjellige kanalar. Den har gjort det mogeleg å alltid vere *pålogga*, og tilgjengeleg. Enkelte vil argumentere for at det kan vere stressande for menneska og at det å vere *avlogga*, og utilgjengeleg, er noko ein ynskjer å oppnå (Karlsen, 2016). For å undersøke dette nærmare har eg gjennomført fem djupneintervju med unge vaksne som brukar analog mobiltelefon. Djupneintervjuet gjer det mogeleg å sjå på haldingane og forståinga til informantane om kvifor dei vel å bruke denne typen mobiltelefon. I oppgåva vil eg fokusere på spørsmål om kvifor informantane vel å ha analog mobiltelefon, korleis det påverkar dei i kvar dagen og kva konsekvensar dei opplever av å ikkje ha smarttelefon. Dette for å svare på problemstillinga:

*Kvifor vel enkelte unge vaksne å ta avstand frå visse teknologiske nyvinningar i det moderne samfunnet?*

Eg vil diskutere det som har kome fram i intervjuet opp mot Jürgen Habermas sin teori om det moderne samfunnet. Frå teorien hans vil eg spesielt sjå på korleis han beskriv det moderne samfunnet og dei komponentane det består av. Komponentane inkluderer individua si kommunikative handling samt korleis systemet trengjer inn i livsverda og påverkar samfunnet. Habermas beskriv kommunikativ handling som aktørar si andlet-til-andlet samhandling og livsverda som aktørane si oppleving og erfaring av livet. Systemet kan sjåast på som strukturar av konsum, makt og kapital som aktørane i samfunnet ikkje er bevisst (Habermas, 1999b).

Eg vil i det følgjande presentere korleis oppgåva er bygd opp. Fyrst vil eg kome med ei omgrevsavklaring av kva eg meiner med analog mobiltelefon i denne oppgåva. Her vil eg sjå på korleis den analoge mobiltelefonen skil seg frå smarttelefonen, som dei fleste brukar i dagens moderne samfunn. Vidare vil eg presentere Jürgen Habermas sin teori og omgresa kommunikativ handling, system og livsverd, samt korleis system trengjer inn i livsverda og undertrykkjer den. Denne teorien vil eg anvende for å analysere dei unge vaksne sin bruk av analog mobiltelefon i det moderne samfunnet me lever i no. Eg nyttar meg av fenomenologisk metode, for å sjå på korleis informantane erfarer og opplever livet med analog mobiltelefon. I metodedelen legg eg fram korleis eg har rekruttert informantar og gjennomført djupneintervjuer. I tillegg ser eg på styrker og svakheiter i oppgåva og metodane eg har nytta. Blant anna oppgåva si gyldigheit, pålitsgrad og grad av generalisering, samt mi rolle som medstudent og kjennskap til enkelte av informantane. Deretter ser eg på dei mest sentrale funna i intervjuet før eg diskuterer dei i lys av den valde teorien. Til slutt kjem ein konklusjon for oppgåva med forslag til vidare forsking.

## **1.1 Omgrevsavklaring: analog mobiltelefon**

Frå mobiltelefonen fyrst blei oppfunnen til i dag har den stadig fornøya seg og fått fleire bruksområde. Mobiltelefonen har endra samfunnet og korleis menneska samhandlar (Karlsen, 2016). Ein kan kommunisere med blant anna vener, familie og andre kjende til alle døgerets timer gjennom fleire ulike kanalar på smarttelefonen, men berre via eit par kanalar på den analoge mobiltelefonen. Analog mobiltelefon visar til den typen *berbar* mobiltelefon som kom på 1990-talet, og som ein har plass til i lomma. I motsetnad til smarttelefon, som dei aller fleste brukar i dag, er den analoge mobiltelefonen utan berørings-skjerm, men med tastatur og knappar ein må trykke på. Smarttelefonar kan laste ned avanserte programvarer, ofte kalla applikasjonar, og det kan sjåast på som ei datamaskin som òg får plass i bukselomma. Dette bruksområdet har ikkje den analoge mobiltelefonen, då den ikkje kan laste ned slike applikasjonar. Enkelte analoge mobiltelefonar har kamera, kalkulator, radio og andre enklare tilleggsfunksjonar, men dei kan i all hovudsak nyttast til å ringe med, samt å sende, og å ta imot, SMS (Eriksen, 2006).

## **2. Teori om det moderne samfunnet**

Dagens moderne samfunn er definert, for mange, av teknologiske nyvinningar som smarttelefon og funksjonar på den mobile, berbare, telefonen. Ein kan no høre på radio og podcast, skru på varmepumpa på hytta via ein applikasjon og overføre pengar eller betale i butikken. Fleire sit på bussen og oppdaterer seg på nyhende, les avis og held kontakt med vene og familie på sosiale medium, på veg til jobb eller studie. Gjennom smarttelefonen er det mogeleg for brukarane å kommunisere med andre, kvar som helst og kva tid som helst (Vassbotn, 2017). For å diskutere og svare på problemstillinga om kvifor enkelte unge vaksne vel å ikkje nytte seg av slik teknologi gjennom å bruke analog mobiltelefon, vil eg i det følgjande presentere Jürgen Habermas sin teori om det moderne samfunn med omgrepa kommunikativ handling, livsverd, system og systemet si kolonisering av livsverda.

### **2.1 Det moderne samfunnet**

Jürgen Habermas beskriv det moderne samfunn som oppretthaldt av pengar, makt og solidaritet. Pengar og makt ser ein til dømes gjennom marknaden, medan solidaritet kjem til syne gjennom aktørane, eller individua, i samfunnet sin kommunikasjon med kvarandre (Habermas, 1999b, s. 70). Samfunnet, slik aktørane opplever det, består av ei privat og ei offentleg sfære. Den private sfæren består av aktørane sine samhandlingsnettverk, som kvardagsleg kommunikasjon, med andre aktørar ein kjenner til, andlet til andlet. Samhandlingsnettverka fører til ordningar av sosiale grupper som aktørane høyrer til og sikrar seg solidaritet gjennom. Desse samhandlingsnettverka knyt òg aktørane til den offentlege sfære som består av utvida og meir abstrakte nettverk. I den offentlege sfære finn ein massemedium og store aktørar, som mektige bedrifter og organisasjonar. Med desse meir komplekse nettverka, følgjer òg eit større press på marknaden, både for produsent og forbrukar. Det moderne samfunnet kan definerast av eit stadig større massekonsum og store kommunikasjonsnettverk (*ibid.*), noko smarttelefonen truleg mogeleggjer. Gjennom bruk av smarttelefonar vert aktørane sine kommunikasjonsnettverk større og meir komplekse. Samfunnet er avhengig av materiell reproduksjon, av makt og pengar, samt symbolsk reproduksjon av aktørane sin kommunikasjon, solidaritet og normer, for å modernisere og utvikle seg (Aakvaag, 2008). Habermas ser på teknologi som ein del av samfunnet si modernisering, der teknologien har gjort objektive prosessar meir avansert. Aktørane sitt liv har blitt profesjonalisert og teknologien, som smarttelefonen er ein del av, har auka tempoet samfunnet har utvikla og modernisert seg i (Habermas, 1969).

## **2.2 Kommunikativ handling**

Menneska i det moderne samfunnet tar del i aktivitetar dei opplever som meiningsfulle, og handlar deretter (Fultner, 2014, s. 54). Habermas skildrar handling som kvardagslege aktivitetar, og skil mellom språkleg handling og ikkje-språkleg handling. Ikkje-språkleg handling kan vere det å gå, noko som kan føre til forskjellege tolkingar av kvifor ein person går i eit visst tempo eller retning. Språkleg handling er handling der ein aktør fortel kva eller kvifor hen gjer noko, og ynskjer å kome til forståing med ein annan aktør. Når ulike aktørar sine handlingar spelar inn på kvarandre, samhandlar aktørane. Kommunikativ handling, som Habermas ser på som viktig for reproduksjon av samfunnet, er når minst to aktørar samhandlar språkleg, andlet-til-andlet, med kvarandre (Habermas, 1999a). For at eit samfunn skal fungere er det avhengig av menneska sin aktivitet og kompetanse gjennom kommunikativ handling. Kommunikativ handling krev at aktørane har gjensidig forståing for kvarandre gjennom eit felles språk og at dei tolkar situasjonar på same måte gjennom ei *felles livsverd*. Gjennom desse handlingsprosessane kan aktørane utvikle haldingar, kompetanse, identitet, verdiar og normer (Habermas, 1999b, s. 143).

## **2.3 Livsverda**

For å beskrive det moderne samfunn sitt forhold mellom aktør og struktur, skil Habermas mellom system og livsverd. Livsverda beskriv Habermas (1999b) som ei handlingsfære i samfunnet. Den kan forståast som individ si oppleveling av verda gjennom deira eiga erfaring, bakgrunn og interesser, samt kva kultur og samfunn dei lever i. Livsverda består av kvardagslege praksisar der individua kommuniserer med kvarandre. I tillegg kan eg sjå på livsverda som kulturelle tradisjonar og mønster, normer, relasjonar mellom menneske og personlegheitsstukturar (s. 164). Med dette perspektivet ser ein på korleis aktørane opplever samfunnet og reproducerer livsverda gjennom kommunikativ handling. Individ i same gruppe eller sosiale rom har den same livsverda, med små variasjonar. Livsverda er korleis individ opplever samfunnet som ei heilheit, og ein ser samfunnet frå aktørane sitt perspektiv som kommunikativt handlar med kvarandre (Aakvaag, 2008).

## **2.4 System**

System er i motsetnad til livsverda, sosiale mønster som aktørane i samfunnet ikkje er bevisst at eksisterer. Desse sosiale mønstra kan òg vere produsert, ubevisst, av samfunnsmedlemmane (Habermas, 1999b). I det moderne samfunnet med omstilling til massekonsum, stadig ny teknologi, elektronisk kommunikasjon gjennom smarttelefonen, reklame og stadig større

nettverk, vert det etablert sjølvregulerande delsystem for konsum og produksjon, som marknad og byråkrati. Marknad og byråkrati legg til rette for strategisk handling i det moderne samfunnet. Desse delsystema har til slutt lausrive seg frå aktørane sin kontroll og livsverd (Fultner, 2014). Delsystema skil seg frå aktørane sin kontroll, og er åtskild frå det kvardagslege og sosiale livet i livsverda (Habermas, 1999a).

## **2.5 Det moderne samfunnet sitt største problem**

I følgje Habermas (1999a) oppstår det moderne samfunnet sitt største problem i det dei lausrivne delsystema, marknad og byråkrati, trengjer inn i livsverda igjen og koloniserer den. Den strategiske handlinga som pregar marknad og byråkrati, går då på kostnad av aktørane si kommunikative handling i livsverda. Eit døme på det i dagens moderne samfunn er korleis smarttelefonen og betalingsløysingar for buss har erstattat den kommunikative handlinga mellom passasjer og sjåfør. No kan passasjeren kjøpe og betale for billetten sin via applikasjonar på smarttelefonen utan å måtte kommunisere eller snakke med bussjåføren. Smarttelefonen gjer jobben for passasjeren og vedkommande treng ikkje å snakke med nokon for å få utført handlinga det er å kjøpe ein bussbillett. Altså trer krav og verdiar frå marknad, som at det å kjøpe bussbillett skjer effektivt og er alltid tilgjengeleg via smarttelefonen, inn i livsverda og omformar viktige prosessar der (Kalleberg, 1999, s. 34). Ei slik erstatning av den kommunikative handlinga, vil svekke den symbolske reproduksjonen i samfunnet og føre til eit meiningstap i livsverda. Der marknaden koloniserer livsverda vil den drukne i reklame og menneska sitt liv handlar om konsum, som til dømes kjøp og stadig fornying av smarttelefon. Dette ser Habermas på som eit reelt problem i vår tids moderne samfunn. Det han ser på som ei utfordring er korleis livsverda kan forsvare seg mot marknad og byråkrati, og kome tilbake til eit ikkje-kolonisert moderne samfunn (Aakvaag, 2008).

## **2.6 Redninga i det moderne samfunnet**

Gjennom aktørane si kommunikative handling vil det vere mogeleg å avkolonisere livsverda, og det sosiale liv, frå systema si undertrykking. Aktørane må skape kontroll og motivasjon for å få kontroll over systema som har kolonisert livsverda (Habermas, 1999a). For at dette skal la seg gjere må aktørane først bli bevisst dei systema som koloniserer det sosialelivet, som til dømes korleis smarttelefonen kan gjere aktørane avhengig og påverkar deira kvardagslege handlingar, som å kjøpe bussbillett. Gjennom ei slik bevisstgjering vil truleg aktørane oppdrive motivasjon for å få att kontrollen over desse systema, og smarttelefonen si undertrykking av livet deira. Då vil det vere mogeleg å ta nytte av smarttelefonen, som eit del av systemet, utan

at det undertrykker og koloniserer livsverda. Korleis dette skal la seg gjere er eit uløyst problem i Habermas sin teori (Fultner, 2014), og dermed opp til framtidige aktørar i livsverda å løyse.

### **3. Metode og val av framgangsmåte**

Målet med oppgåva er å undersøkje kvifor unge vaksne vel å bruke analog mobiltelefon og deira erfaring og oppleving kring dette. I den samanheng har eg vurdert det mest hensiktsmessig å nytte meg av fenomenologisk metode som kvalitativt forskingsdesign. Fenomenologisk metode kan gje auka forståing for korleis informantane skapar mening og innsikt deira liv, og livsverd, med analog mobiltelefon. Eg ynskja å undersøke informantane si eiga oppleving og tankar kring fenomenet å bruke analog mobiltelefon i ei nokså digital verd (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2016, s. 169). Ved å velje fenomenologisk metode rettar eg merksemda i oppgåva mot informantane si oppleving av livet med analog mobiltelefon. Dermed vil andre aspekt ved fenomenet, som ikkje er informantane sine eigne opplevingar, ikkje bli fokusert på i oppgåva. Bruken av fenomenologisk metode tydeleggjer dermed at det er informantane sine eigne refleksjonar og erfaringar oppgåva tek utgangspunkt i, med djupneintervju som metode for innsamling av data. Eg har gjennomført djupneintervju av fem unge vaksne, i 20-års alderen. Intervjua tok føre seg informantane sin bruk av analog mobiltelefon. Dette inkluderte korleis det påverka dei i kvarldagen, med mogelege fordeler og ulemper, samt kvifor informantane vel å bruke denne typen mobiltelefon. Djupneintervjua med individ som sjølv vel å bruke analog mobiltelefon vil kunne gje god innsikt i kvifor enkelte vel å gjere akkurat dette, og korleis det påverkar kvarldagen deira. Eg såg på det som hensiktsmessig å nytte meg av djupneintervju då eg ville undersøke informantane si eiga oppleving, mening og erfaring. Intervjua hadde eit relativt spesifikt tema, noko som gjorde det mogeleg for informantane å reflektere over eiga bruk, og personleg erfaring med analog mobiltelefon (Tjora, 2017, s. 113).

#### **3.1 Rekruttering av informantar**

Informantane vart strategisk rekruttert via kjennskap, anten direkte eller gjennom felles kjende. Alle vart rekruttert på bakgrunn av at dei var i målgruppa for oppgåva: unge vaksne, i 20-års alderen, som brukar analog mobiltelefon. To av informantane kjende eg til via studiemiljøet, og eg kontakta dei direkte då eg visste at dei var i målgruppa. Vidare kontakta eg kjende av meg med spørsmål om dei visste om nokon i målgruppa. Då fekk eg kontaktinformasjon til dei aktuelle informantane og kontakta dei sjølv. Ingen av informantane var nære vene av meg, men nokon av dei visste eg kven var. Etiske utfordringar ved rekrutteringsmetoden er at

opplysingar om aktuelle informantar har blitt delt utan at informantane sjølv hadde kontroll over delinga. Frå målgruppa deltok fem informantar, fire studentar, og ein nyleg ferdigutdanna. Det varierte blant informantane kor lenge dei hadde brukt analog mobiltelefon, og ikkje nyttja smarttelefon. Denne variasjonen gjorde til at målgruppa hadde ein viss variasjon, sjølv om utvalet var noko snevert, då dei fleste andre i samfunnet brukar smarttelefon.

### **3.2 Gjennomføring**

Eg gjennomførte djupneintervju med alle informantane. Tre av djupneintervjua fann stad på grupperom på campus, eit på ein kafé og det siste fann stad på Skype, då informanten held til ein annan stad. Studien er godkjend av NSD som forskingsprosjekt for bacheloroppgåve ved Institutt for Sosiologi og Statsvitenskap (NTNU). Alle intervjeta vart tatt opp på lydopptakar og deretter transkribert og anonymisert på godkjend datasal på instituttet. Dette vart gjort for å behandle informantane sine personopplysingar konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket, som skildra i *Vedlegg 2*. Alle informantane er anonymisert ved bruk av pronomenet *hen* då eg ikkje ser på informantane sitt kjønn som relevant for oppgåva. Dette fordi det var like lett å rekruttere dei to kjønna og det kom ikkje fram noko signifikant forskjell mellom dei i intervjeta. Eg intervjeta om lag like mange gutter som jenter. Anna personleg og attkjenneleg informasjon er òg anonymisert eller utelate frå transkripsjonen. Det var i stor grad informantane som valde kvar og kva tid dei ynskja å bli intervjeta. Intervjeta som gjekk føre seg på grupperom på campus kan tenkast at gav informantane ei følelse av tryggleik då dei var kjend med omgjevnadane. Det same gjeld intervjetet på Skype då informanten sjølv kunne velje kvar hen ville sitte for å gjennomføre intervjetet (Tjora, 2017). Grupperomma reserverte eg på førehand for å unngå forstyrningar frå andre studentar eller tilsette ved universitetet. Likevel vart det eine intervjetet avbrote av ein annan person, men det verka ikkje som informanten synes dette gjorde noko, og samtalen haldt fram etter avbrytinga. Det er vanskeleg å vurdere om informanten hadde tenkt å fortelje noko vidare, men som då vart utelate på grunn av avbrytinga. Sidan det skjedde heilt i starten på intervjetet, ser eg ikkje på dette som problematisk for den innhenta informasjonen. Intervjetet på kafé vart òg forstyrra ein gong, men informanten haldt fram med å prate som om det ikkje hadde vore eit forstyrrande element. På kaféen var det òg meir bakgrunnsstøy og potensielt nokon som fekk med seg kva me snakka om, men sidan informanten sjølv foreslo å ha intervjetet på kafé vurderte eg dette òg som uproblematisk.

Djupneintervjuet bestod av tre fasar: oppvarming, refleksjon og avrunding, slik det kjem fram i *Vedlegg 1*. Før eg begynte med sjølve intervjuet og lydopptaka, informerte eg informantane om deira rettar, korleis personopplysingane skulle bli behandla og gjekk gjennom samtykkeskjema som vist i *Vedlegg 2*. Alle informantane gav sitt samtykke med underskrift før sjølve intervjuet starta. I oppvarmingsdelen stilte eg konkrete spørsmål om kvardagen til informanten. Dette gjorde eg for å få i gang intervjuet på ein naturleg måte, samt at informantane skulle bli vand med intervjustituasjonen. Vidare tok refleksjonsspørsmåla føre seg telefonbruk, korleis det å bruke analog mobiltelefon påverka informantane i kvardagen og kva informantane tenkte om telefonbruk i framtida. Då fekk informantane tid til å reflektere rundt eigne erfaringar og meininger, som er sentralt i fenomenologisk metode (Johannessen et al., 2016). Avrundingsdelen bestod av spørsmål om det var noko meir informantane ynskja å legge til for å normalisere situasjonen. I tillegg informerte eg om kva som vil skje med data frå intervjuet vidare.

### **3.3 Koding og kategorisering**

For å kode og kategorisere data har eg nytta induktiv empirinær koding. SDI-modellen har vore til inspirasjon for korleis eg har gått fram for å danne samanfatningar eller tematikkar frå datamaterialet eg samla inn i intervjuet (Tjora, 2018, s. 15). I oppgåva har eg danna samanfatningar som beskriv hovudtrekka og felles mønster ved informantane sine opplevingar av det å ha analog mobiltelefon. For å få oversikt over all data frå dei fem intervjuet, leste eg først gjennom materiale og markerte interessante utsegn. Til å markere nytta eg forskjellige fargar for å få betre oversikt over kva som var felles og kva som skilde seg ut i alle intervjuet. Eg markerte utsegn der informantane snakka om dei same opplevingane, eller tema, med same farge, og nytta ein ny farge då dei snakka om noko nytt. Vidare gjennomførte eg ei empirinær koding, der utdrag frå det informantane sa vart nytta som kodar. Dette for å halde kodane så nær empirien og det informantane sjølv hadde formulert i intervjuet. På grunn av lite tid til opplæring i digitale kodeverktøy og få intervju, valde eg å gjere all koding manuelt. Det innebar at eg ikkje nytta meg av digitalt kodeverktøy, men laga eigne dokument og tabellar der data vart kategorisert og koda vidare, med utgangspunkt i dei transkriberte intervjuet og fargekodane. Etter kvart kunne eg danne felles kodar frå intervjuet og lage kodegrupper frå den kodenstrukturerte empirien (Tjora, 2017). Etter at eg hadde sortert dei forskjellige kodane i grupper kunne eg danne samanfatningar ut frå kodegruppene. Her danna eg samanfatningar og identifiserte fire fenomen som gjer eit heilskapleg bilet på korleis det kan vere å ha analog

mobiltelefon (Johannessen et al., 2016). Under heile prosessen testa eg kodane, kodegruppene og samanfatningane for å unngå premature konklusjonar og samanfatningar som kunne ha vore danna på førehand og ikkje frå sjølve empirien.

Sitata som er vald ut og nytta i oppgåva visar forskjellige aspekt ved det å ha analog mobiltelefon, og korleis informantane sjølv opplever dette. Informantane hadde mange av dei same erfaringane ved å bruke analog mobiltelefon. Likevel var det enkelte aspekt ved bruken av analog mobiltelefon som varierte mellom informantane. Denne variasjonen var så liten, at eg ikkje har sett på det som særleg relevant i analysen, men har tatt det med for å vise at variasjonen eksisterer.

### **3.4 Styrker og svakheiter ved oppgåva**

For å sjå på kvaliteten på oppgåva og undersøkinga vil eg diskutere forskingsprosessen og dei vala som er gjort ved hjelp av omgrep gyldigheit, pålitsgrad og generalisering (Tjora, 2017, s. 231). Eg nyttar desse kvalitetskrava då dei vert sett på som gode kriterium for å evaluere kvalitativ forsking (Tjora, 2018, s. 79).

#### **3.4.1 Gyldigkeit**

Gyldigheita til oppgåva handlar om at det skal vere samanheng mellom utforminga av intervjuet, spørjeundersøkinga, funna i oppgåva og problemstillinga eg ynskjer å få svar på. Eg ynskjer å sjå på unge vaksne si grunngjeving, og refleksjon, rundt kvifor dei brukar analog mobiltelefon. Gjennom bruken av fenomenologisk metode fokuserer oppgåva på informantane sine eigne opplevingar, erfaringar og refleksjonar kring det å bruke analog mobiltelefon (Johannessen et al., 2016). På grunnlag av dette vurderte eg djupneintervju til å vere den mest relevante metoden for å samle inn data på. Gjennom djupneintervjua fekk informantane tid og mogelegheit til å tenkje og reflektere over sine eigne erfaringar. Spørsmåla i djupneintervjua, som vist i *Vedlegg 1*, var i stor grad opne for å svare på problemstillinga om *kvifor enkelte unge vaksne vel å ta avstand frå visse teknologiske nyvinningar i det moderne samfunnet*. Dei opne spørsmåla gav informantane mogelegheit til å reflektere fritt rundt si eiga bruk av analog mobiltelefon og korleis det påverka kvardagen deira. Likevel kan det tenkjast at dei opne spørsmåla gjorde det vanskeleg å styre svara i retning av å svare på problemstillinga. Samstundes gav dei opne spørsmåla i djupneintervjua informantane mogelegheit til å snakke fritt om sine opplevingar og erfaringar. Fleire av refleksjonane fekk fram kva informantane

ikkje likte med smarttelefon, og den avhengigheita dei opplever at den fører med seg, samt kva dei tenkte om analog mobiltelefon. Då sa informantane kva dei likte og ikkje likte med analog mobiltelefon som samanlikning med det som er alternativet, nemleg smarttelefon.

### **3.4.2 Pålitsgrad**

Pålitsgrad handlar om i kva grad oppgåva er påverka av min posisjon som forskar og om funna er styrt av mine meininger eller engasjement rundt tema (Tjora, 2017). Det eg har kome fram til i oppgåva skal vere tydeleg og logisk framstilt slik at andre forskrarar òg kan kome fram til det same (Johannessen et al., 2016, s. 230). Sjølv brukar eg smarttelefon, og er ikkje ein del av målgruppa. Likevel har eg ei interesse for tema og er nysgjerrig på kvifor enkelte vel å ikkje ta i bruk den nyaste teknologien av telefonar. Samstundes har eg lagt merke til at veldig mange, truleg òg meg sjølv, brukar smarttelefonen veldig mykje i løpet av ein dag. Anten det er gjennom å høyre på musikk på bussen, finne ei oppskrift, vippse eit beløp eller oppdatere seg på nyhende. Dette gjorde at eg var særleg interessert i dei som ikkje har smarttelefon, og som då ikkje har mogelegheita til å nytte seg av desse funksjonane, noko som har motivert meg til å jobbe med oppgåva. Dermed ser eg på oppgåva som lite påverka av mine meininger og forforståing for tema. Likevel kan det tenkast at enkelte informantar vart påverka av min kjennskap til dei, men både dei informantane eg kjende noko til frå før og dei eg ikkje kjende såg ut til å svare upåverka av dette.

### **3.4.3 Generalisering**

For at funna i oppgåva skal vere relevant andre stader enn berre hos informantane eg har intervjuha har eg vald å vektlegge ei konseptuell generalisering. Konseptuell generalisering går ut på at eg har dannar samanfatningar, som ein kan anvende eller relatere til andre tilfelle (Tjora, 2017, s. 239). Frå intervjuha har eg identifisert fire fenomen, eller felles mønster, som dannar samanfatningar om korleis det er å ha analog mobiltelefon. Samanfatningane, og funna mine i oppgåva, går ut på kva konsekvensar informantane føler av å bruke analog mobiltelefon og korleis det påverkar livet deira. Alle informantane var ganske samde og snakka om dei same sidene, både positive og mindre positive, dei opplevde ved å ha analog mobiltelefon, eller å ikkje ha smarttelefon. Dette gjorde at eg kunne identifisere felles mønster og danne samanfatningar frå empirien. Samanfatningane består dermed av identifiserte fenomen og mønster som alle informantane opplevde og reflekterte, kring det å ha analog mobiltelefon. Dette var mogeleg å gjere då det var lite variasjon i informantane sine svar, og tydelege

fellestrekk og mønster i intervjuet. Vidare har eg diskutert samanfatningane frå datamaterialet opp mot Jürgen Habermas sin teori om moderniteten og det moderne samfunnet. På den måten nyttar eg tidlegare etablert teori for å belyse eit nytt fenomen om korleis og kvifor unge vaksne vel å ikkje henge med på alle teknologiske nyvinningar. Slik kan samanfatningane som er danna, eller identifisert, i analysen nyttast til å forstå liknande fenomen, utanfor oppgåva sitt spesifikke tilfelle og informantar. Likevel er dette ei generalisering, og i verkelegheita kan det vere andre individuelle forskjellar som ikkje kjem fram, sidan dei ikkje representerer fellestreka for det som er relevant for oppgåva. Dei unge vaksne som nyttar analog mobiltelefon er ei lita gruppe, men likevel kan enkelte opplevingar kunne generaliserast til både dei som har smarttelefon og dei som har analog mobiltelefon.

#### **3.4.4 Uventa funn og variasjon**

Sidan eg ikkje hadde så mange forventingar på førehand er det ikkje så mange uventa funn i analysen. Informantane snakka stort sett om dei same fenomena og opplevingane kring det å ha analog mobiltelefon, og det var lite variasjon i datamaterialet. Likevel var det visse ting frå intervjuet som skilde seg ut, og var ulikt resten av empirien. Det var varierande kor mykje informantane nytta seg av anna teknologi, i form av datamaskin, nettbrett og liknande, i tillegg til variasjonen i kor lenge dei hadde hatt analog mobiltelefon. Variasjonen gjekk frå ein informant som meinte at det gjekk vakk litt for mykje tid på videosjåing på datamaskina, til ein annan informant som berre brukte datamaskin til naudsynte oppgåver som nettbank og liknande. Ein av informantane, som nyleg hadde bytta til analog mobiltelefon, nytta framleis smarttelefon til enkelte oppgåver. Dette inkluderte vippes, å ta biletet dersom det var naudsynt, samt å bruke smarttelefonen som bankbrikke for å kunne logge inn på nettbank på datamaskina. Utanom dette var informantane ganske samde om at smarttelefonen hadde ein del negative konsekvensar på menneske sitt liv. Likevel var det berre ein informant som uttalte at han var ein digital skeptikar, sjølv om det viste seg at dei andre informantane hadde stort sett det same synet på smarttelefon og andre digitale og teknologiske verktøy. Ein av informantane skilde seg ut frå dei andre i målet om å kvitte seg med datamaskina si etter han var ferdig med studiet, og leve i endå større grad utan digitale verktøy. I sjølve analysen er ikkje dette noko eg har lagt vekt på, då det ikkje var gjennomgåande i dei forskjellige intervjuet.

## 4. Analyse

Eg vil no presentere funna frå empirien som eg meiner gjer seg relevant for å svare på problemstillinga. Informantane kan sjåast på som *utilgjengelege* og *analoge menneske i ei digital verd*. Dei har *tid til livet* i ei verd som elles skjer *gjennom applikasjonar*. Analysen består av desse fellestrekkene som *dei unge vaksne med analog mobiltelefon* erfarte.

### 4.1 Unge vaksne med analog mobiltelefon

Som nemnt tidlegare varierte det kor lenge dei fem unge vaksne eg intervjuha hadde brukta analog mobiltelefon. To informantar hadde kun hatt analog mobiltelefon så lenge dei hadde hatt telefon. I motsetnad var det ein informant som hadde hatt analog mobiltelefon i om lag ein månad, og brukta smarttelefon fram til det. Dei to siste hadde hatt analog mobiltelefon i fleire år, og hadde byta frå smarttelefon ein gong då dei gjekk på vidaregåande. Bytet vart gjort fordi begge informantane stadig øydela eller knuste smarttelefonen sin, og fekk i utgangspunktet analog mobiltelefon som ei midlertidig løysing. Informantane kommenterte at det var dyrt å ha smarttelefon, spesielt sidan dei opplevde at den blei fortare øydelagd og måtte erstattast, enn den analoge mobiltelefonen. Gjennomgåande for alle informantane var at dei meinte det var positivt at dei ikkje brukte så mykje tid på mobiltelefonen sin, som andre med smarttelefon. Alle informantane gav uttrykk for at dei følte at ein kasta bort tid ein kunne bruke på meir meiningsfulle ting visst ein brukte smarttelefon. Informantane sette spørjeteikn ved om smarttelefon eigentleg var så smart som mange skal ha det til:

[Smarttelefonen tek mykje plass, stel dei små augneblinkane i kvardagen, gjer at ein kan ha mykje meir kontakt, men er det då kvalitet over kvalitet?]

Informantane såg det positive i å bruke analog mobiltelefon i samanheng med tilsvarande negative ved å bruke smarttelefon. Alle informantane ynskja å ha analog mobiltelefon i framtida, så langt det let seg gjere med jobb og familieliv. Enkelte påpeika at dersom det vart naudsynt å ha smarttelefon i framtida, så kunne det tenkjast at dei ville skaffe seg det, men at: «*Til den dagen kjem så har eg lyst til å behalde, og bruke, analog mobiltelefon*». Enn så lenge såg alle informantane på fordelane ved å ha analog mobiltelefon som mykje større enn ulempene ved å ha det.

### 4.2 Utilgjengelege menneske

Eit felles trekk ved alle informantane var at dei var mindre tilgjengelege enn dei som har smarttelefon. Det å vere utilgjengeleg og følgjene det fører meg seg, var eit sentralt tema i alle

intervjuet. Dette var noko informantane undra seg over, som til dømes: «*Kvifor skal du vere tilgjengeleg heile tida liksom?*» Vidare presiserte dei at det er ikkje noko ein skal, eller treng å vere, men at det er ei forventing i samfunnet. Ein informant poengterte at det følgjer ei viss forventing om at ein alltid er tilgjengeleg dersom ein har smarttelefon. Informanten presiserte: «*Eg trur folk blir mykje meir frustrert av å ikkje få tak i nokon med smarttelefon, enn å ikkje få tak i meg som ikkje har smarttelefon*». Informantane la vekt på at det ikkje var nødvendig å kunne bli kontakta heile tida, gjennom alle mogelege kanalar som på ein smarttelefon, og fleire av informantane påpeikte at dei blei stressa av nettopp denne mogelegheita:

For meg så føler eg at det er litt stressande å vite at det er så mange forskjellige kanalar folk kan nå meg gjennom heile tida; mail og Facebook og andre ting. Medan med denne [analoge mobiltelefonen] så er det jo berre ein kanal på ein måte. Visst folk skal ha tak i meg så sender dei melding. Og elles, visst det ikkje er noko viktig, så finn eg ut av det ved eit seinare tidspunkt.

Det å måtte vere tilgjengeleg vart ikkje sett på som viktig eller som noko positivt av informantane. I tillegg opplevde alle informantane at: «*Det er berre fint å ikkje vere tilgjengeleg heile tida*». Fleire av informantane snakka om det å vere utilgjengeleg som frigjerande og fint på denne måten. Altså snakka informantane om det å vere utilgjengeleg både som ein måte å unngå stress på, òg som eit ideal, at dei ynskja å vere eit utilgjengeleg menneske.

#### 4.3 Tid til livet

Informantane sa at ein fort kan kaste bort tida si på telefonen, og særleg dersom ein har smarttelefon. Ein informant uttrykte at det å bruke mindre tid på telefonen ved å ha analog mobiltelefon var ein stor fordel. For informantane var det å ha analog mobiltelefon eit klart val for å unngå å bruke tida si med hovudet ned i skjermen på ein smarttelefon. Hen presiserte dette ved å seie: «*Eller sånn openbart, eg har jo ingen ting å gjere på telefonen*». Informantane brukar heller denne tida dei ikkje kastar vekk på å sjå ned i smarttelefonen, som dei meiner mange i dagens samfunn gjer, på å nyte små augneblinkar i livet. Fleire av informantane trakk fram at det å ha analog mobiltelefon gjorde dei mindre avhengig av teknologi og gav ein meir tid til det dei såg på som meiningsfullt i livet: «*Eg brukar kanskje litt mindre tid på å vere på mobilen min og heller gjere ting som eg meiner er litt meir verdifullt*». Fleire av informantane trakk fram dømer frå det å ta buss for å eksemplifisere dette. Anten det var: «*Å vente på bussen, som kjem om fem minutt, og så må du gjere ingenting i fem minutt*», i staden for å underhalde seg med sosiale medium, eller om det var det å sitje på bussen utan denne underhaldinga. Små

augneblinkar, sosialt samvær og tid til å tenkje utan teknologiske forstyrningar stod høgt hos informantane. Ein informant beskrev at hen trur mange undervurderer desse små augneblinkane, som å sitje på bussen og sjå på folk, utan å gjere noko anna:

Eg trur den avhengigheita, ein let seg distrahere heile tida og ein er ikkje heilt med seg sjølv. At ein har dei små augneblinkane med seg sjølv i ein elles så travel kvardag, ser eg på som veldig verdifullt.

Vidare poengterte fleire av informantane at ein del menneske brukar veldig mykje tid på smarttelefonane sine, og at: «*Dei bruker meir tid på den enn det dei sjølv innser*». Anten det er på fest, ved middagsbordet, på bussen eller i samtale med nokon andre meina informantane at dei hadde meir merksem og var meir nærverande i sjølve situasjonen.

#### **4.4 Ei verd gjennom applikasjonar**

Dersom ein skal ta bussen kan ein sjekke kva tid bussen går, kjøpe billett, og underhalde seg medan ein ventar eller sit på bussen via applikasjonar på smarttelefonen. Dette er noko dei utan smarttelefon, med analog mobiltelefon, ikkje har moglegheit til. Fleire av informantane kommenterte at utviklinga dei siste åra har gått i retninga av meir digitalisering og bruk av applikasjonar gjennom smarttelefonar:

I alle fall no dei siste åra, så har det kome meir og meir som berre skjer over app[likasjon].

Som til dømes betalingsløysingar på arrangement og sånt, og på kollektivtransport.

Informantane kommenterte at det å ta buss har blitt meir og meir tungvint når ein ikkje har smarttelefon. Anten dei hadde busskort eller ikkje, var det enkelte ting som kompliserte bussreisa utan smarttelefon. Den analoge mobiltelefonen har ikkje dei nødvendige applikasjonane for å kunne gjennomføre betalinga eller sjekke kva tid bussen går. Likevel ser ikkje informantane på dette som eit behov, heller ein ekstra luksus dei vel å ikkje nytte seg av:

Eg har ikkje behov for noko meir enn ein analog telefon og eg trur at så fort ein får [smarttelefon] så får ein på ein måte dei behova som den dekkjer, sjølv om ein ikkje hadde dei behova i utgangspunktet.

Ein av informantane som bytta til analog mobiltelefon for ein del år sidan hadde merka at hen fort vart avhengig av dei ulike applikasjonane som var tilgjengelege då hen hadde smarttelefon. Dette var ein av grunnane til at hen ikkje ynskja å byte tilbake for å unngå denne avhengigheita.

#### **4.5 Analoge menneske i ei digital verd**

Sjølv om informantane gav uttrykk for at dei ikkje hadde behov for smarttelefon, eller valde å unngå den avhengigheita den kan føre med seg, var det enkelte funksjonar dei sakna i den analoge mobiltelefonen. Informantane uttrykte blant anna at dei gjekk seg vill i mykje større grad enn dei med smarttelefon. Dette fordi dei ikkje hadde tilgang til kartapplikasjonar og liknande. Likevel var det viktig for dei å poengtere at ein klarar seg fint utan dette, og vert fort betre kjend ein ny stad. Informantane som ikkje hadde hatt smarttelefon tidlegare følte at meir og meir i samfunnet skjer gjennom applikasjonar, noko som hadde gjort det vanskelegare å ha analog mobiltelefon. Denne utviklinga, og det at fleire og fleire system i samfunnet tek utgangspunkt i at samfunnsmedlem har smarttelefon synts informantane kunne vere utfordrande:

Det eg merkar meg i kvarldagen er at fleire og fleire system bakar inn smarttelefonar i seg, i samfunnet der ute då. Det med busskort, det at ein plutseleg skal ha studentbevis, mange slike praktiske ting blir stadig meir utfordrande. Billettar, vippes. [Eg] heng ikkje heilt med på visse system.

Alle informantane uttrykte likevel at desse utfordingane, eller ulempene, ikkje var store nok til å skaffe seg smarttelefon. Informantane såg på fordelane med analog mobiltelefon som så store, at dei ynskja å bruke denne så lenge det let seg gjere. Dersom informantane må skaffe seg smarttelefon i framtida ynskja dei: «*Fornuftig bruk av smarttelefon*», som dei beskrev som å ikkje bruke så mykje tid på den og å kunne legge den frå seg. Smarttelefon, og aukande digitalisering i samfunnet, såg fleire av informantane på som stressande og forstyrrende. Informantane opplevde at fleire og fleire menneske blir avhengig av å bli stimulert og underholdt gjennom smarttelefonen. Enkelte påpeikte at det ikkje var alle i dagens samfunn som hadde konsentrasjonen til å sjå på ein film utan å ta opp smarttelefonen for å sjekke noko, bli ekstra underholdt eller distrahert frå livet utanom det digitale: «*Så sit ein og ser på ein veldig spennande film og er heilt sånn på tuppane, og så samstundes skal du liksom sjekke Facebook*». Fleire av informantane ynskja å vere til inspirasjon for andre med smarttelefon og vise at det er mogeleg å la smarttelefonen ligge att, utan at ein må ta med seg den avhengigheita over alt:

Då klarar eg jo å gå ut døra ein dag eller ein kveld og ikkje ha med meg telefonen, [og] at det kan inspirere til noko sånn, å ta litt meir avstand frå telefonen som mange opplever at dei er avhengige av då.

Fleire av informantane opplevde at vener og andre som snakka med dei om telefonbruk, sa at dei var avhengige av smarttelefonen, og det var gjerne desse informantane ynskja å inspirere.

## 5. Diskusjon

Intervjua i oppgåva gjev eit innblikk i aktørane, informantane, sine liv og livsverd. Som Habermas skriv, har aktørane i same gruppe eller sosiale rom, felles livsverd med små variasjonar (Aakvaag, 2008). Informantane er unge vaksne og dei er eller hadde nyleg vore studentar, noko som kan gjere dei til ein del av ei felles gruppe. Dette var tydeleg i intervjua då informantane si oppleving av livet og kvardagen med analog mobiltelefon, deira livsverd, var ganske lik, med små variasjonar. Det å bruke smarttelefon er noko som kan definere det moderne samfunnet, og livsverda til individua som lev i dagens samfunn. Habermas (1999b) beskriv mellom anna massekonsum og store kommunikasjonsnettverk som del av det moderne samfunn. Ein kan til dømes sjå på forbruket av smarttelefonar og ei stadig fornying av desse som ein del av vår tids massekonsum. Informantane, som *unge vaksne med analog mobiltelefon*, tek avstand frå dette massekonsumet av smarttelefonar som mange andre i samfunnet er ein del av. I tillegg til massekonsum, skriv Habermas (1969) at det moderne samfunn er definert av eit høgt, og stadig aukande, tempo i livet. Dette er noko informantane òg vel å ta avstand frå. Informantane beskriv til dømes at dei verdset, og synes det er viktig, å vente på bussen utan å gjere noko anna, eller det å sitje på bussen og sjå ut vindauge utan å høre på musikk eller sjekke sosiale medium. Det kan tenkjast at dei tek avstand frå det høge tempoet i det moderne samfunnet ved å berre gjere ein ting om gongen, og ikkje alltid måtte underhaldast gjennom ein smarttelefon.

Habermas beskriv kommunikativ handling som det meiningsfulle i livet til individ (Fultner, 2014). Med smarttelefon kan aktørane som samhandlar, kommunisere med kvarandre kva tid som helst, gjennom fleire forskjellige kanalar og bak kvar sin skjerm (Vassbotn, 2017). Kommunikasjon på denne måten var noko informantane tok aktivt avstand frå med analog mobiltelefon og dei var meir *utilgjengelege menneske* enn dei med smarttelefon. Informantane var opptekne av å vere til stades i samtale med andre individ, og beskrev denne typen kommunikasjon som viktig, medan kommunikasjon gjennom fleire kanalar på ein smarttelefon som mindre viktig og forstyrrende. Då ville heller informantane koncentrere seg om det som skjer i augneblinken og sa at: «*visst det ikkje er noko viktig, så finn eg ut av det på eit seinare tidspunkt*». Det å vere utilgjengeleg for all slags mogeleg kommunikasjon og informasjon såg

informantane på som fint, og at dei tok aktivt avstand frå forventinga om å vere tilgjengeleg med å ha analog mobiltelefon. Gjennom smarttelefonen vert kommunikasjonen påverka av den stadig tilgjengelegeita, og forstyrrende varslar, slik informantane beskrev det. Dermed var informantane i større grad avhengig av den kommunikative, andlet-til-andlet, handlinga som Habermas såg på som avgjerande for den sosiale reproduksjonen i samfunnet. Gjennom å ikkje opprette forventinga om at ein er tilgjengeleg til alle døgerets timer, kan det tenkast at informantane, som *utilgjengeleg menneske*, deltek i kommunikativ handling i større grad enn andre med smarttelefon. Stadig meir av kommunikasjonen skjer digitalt, noko som truleg kan føre til mindre andlet-til-andlet kommunikasjon og handling. I tillegg gjer den stadig tilgjengelegeita at varslar og liknande frå smarttelefonen forstyrrar og avbryt den allereie pågående kommunikative handlinga mellom aktørar. Habermas (1999a) meinte at for at eit samfunn skal fungere optimalt er det avhengig av individua si kommunikative handling. Ein kan dermed seie at informantane opplever at samfunnet og det sosiale liv i samfunnet ikkje fungerer optimalt på grunn av den stadig forstyrrende smarttelefonen.

Intervjua gjev eit bilet på korleis informantane, som aktørar i Habermas (1999b) sin teori, opplever verda og livet med analog mobiltelefon. Altså gjer intervjua eit bilet på informantane si livsverd, med deira eigne erfaringar, refleksjonar og opplevingar. Ein kan òg seie at heile denne oppgåva er basert på, og tek utgangspunkt i, informantane si livsverd og oppleving av eit samfunn med aukande bruk av smarttelefon. Informantane som nyttar analog mobiltelefon har fleire av dei same opplevingane og erfaringane frå livet. Dei meiner at smarttelefonen er eit forstyrrende element i kvardagen, og at den tek for mykje av tida til menneska. Sjølv opplevde informantane at dei hadde meir *tid til livet* og dei små augneblinkane som andre går glipp av då dei har hovudet ned i skjermen på ein smarttelefon. Som Habermas beskriv, opplever informantane at dei er meir oppteken av den kommunikative handlinga mellom menneske, og at denne skal skje uforstyrra frå smarttelefonen og varslar frå den (Aakvaag, 2008). Informantane opplever verda som stadig meir digitalisert, og at det vert vanskelegare og vanskelegare å klare seg utan smarttelefon. Sjølv om informantane uttrykte at dei: «*heng ikkje med på visse system*», utan smarttelefon, meinte dei at fordelane med å ha analog mobiltelefon var for store til å byte den ut. Fordelar slik som tid til dei uforstyrra augneblinkane i livet. Utan tilgang til desse sistema, som vippes og billettordningar, og valet om å ikkje skaffe seg tilgang til dei, påverkar det nok informantane til å meine at dei ikkje har dette behovet. På same måte vil truleg dei som har smarttelefon sjå på dette som naudsynt.

Informantane opplever smarttelefonen og bruken av den slik Habermas (1999a) beskriv system, åtskilt frå det kvardagslege og sosiale livet. Utan smarttelefon kan ein seie at dei *unge vaksne med analog mobiltelefon* er *utilgjengelege* for desse systema. Systemet som består av eit massekonsument av ny teknologi har omforma samfunnet og gjort det meir sentrert rundt smarttelefonen og applikasjonar, slik informantane opplever det (Fultner, 2014). Vidare erfarer informantane erfaren at prosessar i samfunnet skjer *gjennom applikasjonar*, noko dei opplev ved å ikkje ha tilgang til bruken av dei. Dermed kan det verke som informantane er bevisst påverknad av dette systemet, då dei synes at folk kastar bort tida si på smarttelefonen. Konsument og bruken av smarttelefonar beskriv informantane som forstyrrande og at det skapar ei forventing om at ein alltid er tilgjengeleg for systemet sin påverknad. Likevel nytta alle informantane datamaskin og anna teknologi til studiar, jobb eller fritid. Dermed kan det tenkjast at informantane er bevisst systemet som består av massekonsument av smarttelefonar, medan dei ikkje er bevisst systemet som anna teknologi er ein del av, slik Habermas (1999b) beskriv det. Informantane ynskja òg å vere til inspirasjon for andre til å ta meir avstand frå systemet ved å bruke smarttelefonen mindre eller på ein meir fornuftig måte.

Slik Habermas ser på det moderne samfunnet sitt største problem, systemet si kolonisering av livsverda, kan ein sjå på informantane si oppleveling av andre menneske sin bruk av smarttelefonar (Kalleberg, 1999). Fleire og fleire kvardagslege prosessar «*bakar inn smarttelefonen i seg*», slik ein informant beskrev det, og koloniserer livsverda til menneska. Sjølv det å ta buss vert frigjort frå kvardagslege praksisar, som kommunikativ handling, då passasjerane ikkje treng og ikkje har mogelegheit til å kjøpe billett direkte av sjåføren. Dette kunne vere ei utfordring for informantane då dei ikkje hadde tilgang til dei applikasjonane som har erstattat det å kjøpe billett av sjåføren. Sidan samfunnet i stadig større grad tek i bruk smarttelefon og omformar viktige prosessar, slik Habermas såg på systemet si kolonisering av livsverda (Aakvaag, 2008), blir samfunnsmedlemmane i stadig større grad avhengig av smarttelefonen. Informantane opplevde at andre menneske ikkje klarde å legge frå seg smarttelefonen i sosiale samanhengar og andre små augneblinkar i livet. To av informantane begynte å bruke analog mobiltelefon på grunn av at dei til stadighet øydela smarttelefonen, og måtte kjøpe ny. Dermed valde informantane å ta avstand frå at livet i aukande grad var sentrert rundt smarttelefonen, og det aukande konsument av den. Dette aukande konsument, slik informantane erfarer, har skapt ei *verd gjennom applikasjonar*. Ei verd informantane ikkje er ein del av. Det blir ei stadig større utfordring å klare seg i samfunnet utan smarttelefon og

tilgang til naudsynte applikasjonar. Eller så er det i alle fall det smarttelefon-brukarane trur, som ikkje er bevisst denne koloniseringa av livet deira, slik informantane ser det.

Då smarttelefonen har omforma og kolonisert delar av samfunnet og liva til menneska i det, har det fått konsekvensar for informantane, som *analoge menneske i ei digital verd*. Sidan dei fleste i samfunnet har med seg smarttelefonen over alt, har det mellom anna ført til at kart som applikasjon erstattar den kommunikative handlinga som å spørje andre om vegen, og gjort dette mindre vanleg. For informantane gjer dette at dei i større grad går på villspor, både på grunn av at dei ikkje nyttar smarttelefon, og at det gjerne har blitt vanskelegare å spørje om vegen. Systemet si kolonisering av livsverda aukar òg tempoet i livsverda, då prosessar frå systema vert overført til menneska sitt liv (Habermas, 1999a). Dette ser ein i informantane si beskriving av andre sin bruk av smarttelefon der dei stadig blir forstyrra med varslar. Vidare har dette ført til at enkelte ikkje klarar å berre gjere ein ting, eller å ikkje gjere noko i det heile tatt, utan at ein må sjekke noko på smarttelefonen, slik informantane opplever det. Menneska har eit aukande behov for å bli stimulert heile tida, som til dømes medan ein ser på film og samstundes sjekkar sosiale medium på smarttelefonen. Denne avhengigheita og systemet si kolonisering er informantane i større grad bevisst på, og tek avstand frå gjennom å bruke analog mobiltelefon.

For å løyse problemet med at system koloniserer livsverda, skriv Habermas at aktørane må fyrst bli bevisst dei sistema som undertrykkjer det sosiale liv (1999a). Det kan tenkjast at informantane er i større grad bevisst sistema som smarttelefonen er ein del av, enn dei som er brukarar av smarttelefon. Informantane prøver truleg, bevisst eller ubevisst, å bidra til å løyse dette problemet gjennom å vere til påverknad og inspirasjon for andre. Som ein informant påpeika, ynskja hen å bruke smarttelefonen på ein fornuftig måte, og fremme dette hos andre òg, dersom hen måtte skaffe seg smarttelefon i framtida. Ved å setje spørjeteikn ved kvifor ein skal vere tilgjengeleg heile tida, og å poengtere at det ikkje er eit behov å ha smarttelefon kan det hende dei bidreg til auka bevisstgjering av dette systemet. Alle informantane ville unngå å skaffe seg smarttelefon så langt det let seg gjere i framtida og poengterte at dei ikkje hadde behov for noko meir enn den analoge mobiltelefonen. Dei ynskja å vere til inspirasjon for andre, ved å til dømes vise at ein kan gå ut av huset utan å ta smarttelefonen, og systemet sin påverknad og avhengigheit, med seg. Habermas meina at aktørane måtte ta kontroll og ha motivasjon til å ta kontroll over systemet si kolonisering, noko ein kan seie at informantane gjer ved å vise dei positive sidene ved å ha analog mobiltelefon. Likevel er det vanskeleg å seie om smarttelefonen er ein stor nok del av systemet som koloniserer livsverda, eller om informantane sjølv ikkje er

bevisst det eigentlege systemet som òg koloniserer deira sosiale liv, trass bruken av analog mobiltelefon. Informantane tar del i enkelte system som inngår i det moderne samfunn via datamaskin, men vektla at dei ikkje ber med seg denne potensielle avhengigheita over alt, som enkelte gjer med smarttelefonen. Informantane, som meir kommunikativt handlande aktørar enn dei som brukar smarttelefon, vil i følgje Habermas (1999b) auke samfunnet sin symbolske reproduksjon. Dette kan vere med på å bevisstgjere andre, og dei sjølv, systemet si kolonisering av det sosiale liv. Det verkar som det er fleire faktorar som spelar inn på kvifor informantane har vald å bruke analog mobiltelefon, og ikkje smarttelefon som dei fleste i samfunnet vårt. For enkelte kan det tenkast at det ikkje vert opplevd som eit val, men berre slik det er – at dei har analog mobiltelefon. Anten det er ein bevisst eller ikkje, kan ein seie at informantane prøver å forsvare livsverda, og moderniteten, mot systemet si kolonisering av den, slik Habermas ynskja å finne svar på.

## 6. Konklusjon

Oppgåva tek føre seg problemstillinga om *kvifor enkelte unge vaksne vel å ta avstand frå visse digitale nyvinningar i det moderne samfunnet*. Problemstillinga er eksemplifisert og aktualisert gjennom spørsmålet om kvifor enkelte unge vaksne vel å bruke analog mobiltelefon framfor smarttelefon. For å svare på problemstillinga har eg gjennomført fem djupneintervju med informantar i målgruppa *unge vaksne med analog mobiltelefon*. Vidare har eg prøvd å svare på kvifor informantane vel å bruke analog mobiltelefon ved å sjå på Jürgen Habermas sin teori om det moderne samfunnet. Dette kan forklare kva informantane vektlegg og synes er viktig i livet, og korleis dei prøvar å forsvare livet frå systemet si kolonisering, som smarttelefonar er ein del av.

Gjennomgåande ser informantane på smarttelefonen som inngripande og som ein distraksjon, og avhengigheit, frå det dei meina er viktig i livet. Likevel er det vanskeleg å seie om andre, som brukar smarttelefon, synes det er like inngripande som informantane som står på utsida av dette forbruket. Då kan det tenkast at dei som ikkje synes og opplever smarttelefonen som inngripande og forstyrrande i livet, er bevisst denne delen av systemet si kolonisering av livet. På den andre sida kan ein då setje spørjeteikn ved om informantane klarar å vere bevisst dette systemet då dei vel å ikkje nytte seg av det i det heile, og om dei kan vere ein del av redninga slik Habermas skriv. Anten det er bevisst eller ubevisst, kan likevel informantane vere med på å inspirere andre som nyttar seg av smarttelefonen, til å ta kontroll over systemet og korleis smarttelefonen påverkar, og undertrykkjer, livet deira. På bakgrunn av det kan ein seie at informantane er bevisst systemet si undertrykking, og med på å ta kontroll over den. Informantane opplever og skildrar smarttelefonen som øydeleggande for andlet-til-andlet kommunikative handlingar mellom menneska, og andre små og store augneblinkar i livet.

Ut frå analysen kan ein seie at informantane vel å ta avstand frå visse teknologiske nyvinningar, som smarttelefonen, fordi dei ynskjer å leve eit liv, i livsverda, utan systemet og smarttelefonen si undertrykking. Dei vel å ha analog mobiltelefon fordi det gjer dei *tid til livet* gjennom å vere *utilgjengeleg* for smarttelefonen sin forstyrrande teknologi, varslar og avhengigheit. Med ei livsverd utan smarttelefon kan det tenkast at dei unge, er ubevisst eit anna system som undertrykkjer deira livsverd, og som ikkje har blitt oppfatta av dei eller i denne oppgåva. Ein kan likevel sjå på informantane som ei løysing på systemet si kolonisering av livsverda og at

dei vel å ha analog mobiltelefon for å ha tid til sjølve livet og det som skjer andlet-til-andlet gjennom kommunikativ handling.

## **6.1 Vidare forsking**

Oppgåva tek føre seg unge vaksne med analog mobiltelefon sine erfaringar og opplevingar med å ikkje ha smarttelefon. Det vil vere interessant å sjå vidare på dei som brukar smarttelefon sine opplevingar rundt bruken av den, og korleis dei opplev dei same fenomena. Våren 2020 har samfunnet og liva våre i stor grad blitt påverka av den pågåande koronapandemien. Noko Folkehelseinstituttet har gjort for å få oversikt over smittespreiing er å lage ein applikasjon som dei med smarttelefon har mogelegheit, og har blitt oppfordra, til å bruke. Dette er noko dei med analog mobiltelefon, inkludert informantane i oppgåva, ikkje har mogelegheit til å ta nytte av. Då ville det ha vore interessant å sjå korleis dette har påverka livet til dei med analog mobiltelefon og kva dei tenkjer rundt dette.

## Litteratur

Aakvaag, G. (2008). *Jürgen Habermas: En kommunikasjonsteoretisk syntese*. Oslo: Abstrakt forlag

Eriksen, E. (2006). Mobilens historie: 1990 - 2006. *Tek.no*. Henta frå <https://www.tek.no/nyheter/nyhet/i/JoqOMX/mobilens-historie-1990-2006>

Fultner, B. (2014). *Jurgen Habermas : Key Concepts*. Hoboken: Taylor and Francis.

Habermas, J. (1969). *Vitenskap som ideologi* (T. Krogh & H. Vold, Overs.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Habermas, J. (1999a). *Kommunikasjon, handling, moral og rett* (J.-A. Smith & J.-H. Smith, Overs.). Oslo: Tano Aschenhoug.

Habermas, J. (1999b). *Kraften i de bedre argumenter* (A. Eriksen, Overs.). Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS.

Kalleberg, R. (1999). Moderne samfunns utfordringer. I *Kraften i de bedre argumenter* Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Karlsen, S. (2016). Fra bilradiotelefon til smarttelefon. *Telenor kulturav*. Henta frå <https://telenorkulturav.no/mobiltelefonen>

Medienorge. (2017). Andel som har smarttelefon. Henta frå <http://www.medienorge.uib.no/statistikk/medium/ikt/379>

Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Tjora, A. H. (2018). *Viten skapt : kvalitativ analyse og teoriutvikling*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Vassbotn, T. (2017). Tingenes internett. I A. Rolstadås, A. Krokan & L. T. Dyrhaug (Red.), *Teknologien endrer samfunnet*. Bergen: Fagbokforlaget.

## **Vedlegg 1: Intervjuguide**

### **A. Opningsspørsmål**

Kva studerer du?

Kor gammal er du?

Kva gjer du på sida av studiet (jobb, verv, interesser etc)?

### **B. Telefon**

Kva telefon har du?

Kva gjorde at du valde å kjøpe ein analog mobiltelefon?

Har du nokon gong hatt smarttelefon? Kvifor/kvifor ikkje?

### **C. Konsekvensar**

Korleis påverkar det at du har analog mobiltelefon kvar dagen din?

Er det nokon fordeler med å ha ein slik telefon?

Er det nokon ulemper med å ha ein slik telefon?

Bruker du annan teknologi for å støtte behov?

Kva synes vennar om at du har ein slik telefon?

Kva synes du om andre som brukar analog mobiltelefon?

### **D. Framtida**

Ser du for deg at du vil fortsetje å ha analog mobiltelefon framfor smarttelefon i framtida?

Kvifor/kvifor ikkje?

### **E. Avslutningsspørsmål**

Er det noko du ynskjer å legge til?

Har eg spurt om alt eg burde spørje om?

## **Vedlegg 2: Samtykkeskjema**

# **Deltaking i forskingsprosjekt knytt til bacheloroppgåve om «*Studentar med analog mobiltelefon*» ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å undersøke *studentar sin bruk av analog mobiltelefon*. I dette skrivet får du informasjon om målet med prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

### **Føremål**

Føremålet med prosjektet er å undersøke kvifor enkelte studentar brukar analog mobiltelefon framfor smarttelefon. Då vil eg undersøke kvifor ein vel å bruke analog mobiltelefon og korleis dette påverkar ein i kvardagen.

Dette er eit studentprosjekt, som inneberer analyse av data frå kvalitative intervju. Opplysingane samla inn i oppgåva vil berre brukast til denne oppgåva. Dersom det er aktuelt å bruke opplysingar til anna føremål, som undervising eller andre forskingsprosjekt, vil du bli kontakta. Som bacheloroppgåve er dette eit studentprosjekt som skal oppfylle grunnleggjande krav til vitskapeleg kvalitet og etikk.

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

NTNU, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvífor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta sidan du er student eller ung vaksen som brukar analog mobiltelefon framfor smarttelefon. Utvalet er basert på desse kriteria.

### **Kva inneberer det for deg å delta?**

Du blir invitert til eit intervju som varer i omlag 30 minutt. Intervjudeltaking vil innebere lydopptak av samtalen. Det vil bli samla inn informasjon om din bruk av analog mobiltelefon og korleis det påverkar kvardagen din.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Visst du vel å delta, kan du kva tid som helst trekke samtykke tilbake utan å oppgje nokon grunn. Alle opplysingar om deg vil bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg visst du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

### **Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar dine opplysingar**

Me vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er kunn student og prosjektansvarleg som vil ha tilgang ved behandlingsansvarlig institusjon.

Lydopptak vil bli tatt opp på diktafon, utan tilkopling til internett eller telenett. Etter opptak vil opptaket transkriberast av studenten sjølv på ein adgangsbegrensa, stasjonær maskin på NTNU, som er administrert av Instituttet. Under transkriberinga blir opplysingar som kan identifisere deg som person, anonymisert. Etter dette blir lydopptaket sletta. Det vil ikkje vere nokon opplysingar som kan knytast til deg som person i den ferdige bachelor-oppgåva.

**Kva skjer med opplysingane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttast 05.06.20 Ved prosjektslutt vil alle personopplysingar og opptak være sletta.

**Kva gjer oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Me behandlar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå NTNU, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

**Kvar kan eg finne ut meir?**

Visst du har spørsmål til studien, eller din rett, ta kontakt med:

NTNU Institutt for sosiologi og statsvitenskap, ved vegleiar eller student

Vegleiar: Hilde Bjørkhaug, 97180178, [hilde.bjorkhaug@ntnu.no](mailto:hilde.bjorkhaug@ntnu.no)

Student: Sunniva Skurtveit, 98481478, [sunnsk@stud.ntnu.no](mailto:sunnsk@stud.ntnu.no)

Visst du har spørsmål om personvern, ta kontakt med:

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

NTNUs personvernombud: Thomas Helgesen, tlf 93 079 038, [thomas.helgesen@ntnu.no](mailto:thomas.helgesen@ntnu.no)

Med vennleg helsing

Hilde Bjørkhaug  
Prosjektansvarleg  
(Vegleiar)

Sunniva Skurtveit  
*Student*

**Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *studentar med analog mobiltelefon*, og har fått anledning til å stille spørsmål om undersøkinga. Eg samtykker til:

å delta i intervju

Eg samtykker til at mine opplysingar blir behandla fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

